

## Skriv og meldingar

1. Vestlandsrådet sitt AU – referat frå møte 15.06.17.
2. Høgoppløyselege botnkart og nytt lovvedtak i Stortinget 21.06.17.
3. Marin rekruttering og kompetanse – oppfølging av tidlegare initiativ og vedtak.
4. Marin arealplanlegging – orientering om status.
5. Energisamarbeid i Nordsjøen – orientering om status
6. Ny strategi for Nordsjøkommisjonen post 2020 – oppstart for arbeidet.
7. Felles innspel til CPMR/Nordsjøkommisjonen si slutterklæring.
8. Europeiske regionar følgjer Brexit-forhandlingane.
9. Statusrapport frå faste utval – fast rapportering til Vestlandsrådet.
10. Meldte saker og avtalte føredragstema til Vestlandsrådet 15.02.18.

## 1. Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU): Referat frå møte 15.06.17.

---

Dato:	15. juni 2017 kl. 08:15-09:00
Møtestad/-form:	Skype/tlf.
Deltakarar:	Solveig Ege Tengesdal, Pål Kårbø og Jenny Følling (møteleiar)
Forfall:	Jon Aasen
Andre til stades:	Tore Eriksen, Ole I. Gjerald (referent/sekretær)

---

### Sakliste:

AU-sak 13/17	Protokoll frå Vestlandsrådsmøtet i Sogndal 11.05.17.	Til drøfting
AU-sak 14/17	Oppfølgingsarbeid og saker det vert jobba med fram mot Vestlandsrådsmøtet sitt møte 25.10.17. Oppsummering og drøfting av oppfølgingstema og saker.	Til drøfting
AU-sak 15/17	Nøkkeltal for næringsklynger innan marine og maritime næringar på Vestlandet.	Til drøfting
AU-sak 16/17	Andre aktuelle saker.	Til drøfting

AU-sak 13/17: Protokoll frå Vestlandsrådet 11.05.17.

AU rår til at møteprotokollen frå Vestlandsrådet sitt møte i Sogndal 11.05.17 vert endeleg godkjend i Vestlandsrådet 25.10.17, slik denne ligg føre frå fylkesrådmannen.

AU-sak 14/17: Saker og tema til Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17 m.m.

Vestlandsrådet har 28.02.17 og 11.05.17 sett ei rekkje saker på sakskartet i høve til rådet sitt vidare arbeid på kort og litt lengre sikt. Fylkesrådmannen la 15.06.17 fram følgjande saksoversyn som det no vert arbeidd med. Oversynet utfyller i noka grad vedtaka frå rådet sine møte 28.02. og 11.05., og AU supplerte og slutta seg til fylkesrådmannen sin arbeidsplan:

	Sakstittel/tema	Ansvar	Frist
1.	«Marin strategi – handlingsplan og årleg oppfølging». Saka vert førebudd i samsvar med Vestlandsrådet sitt vedtak 11.05.17.	Fylkesrådmannen, marin gruppe og sekretariatet førebur saka.	Saka vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.
2.	«Cruisestrategi for Vestlandet – handlingsplan». Planen og ei eiga sak vert førebudd i samsvar med Vestlandsrådet sitt vedtak 11.05.17. Vestlandsrådet understreka elles at handlingsplanen bør ta opp i seg alle relevante problemstillingar, og gjerne også syne utfordringar og område der kommunane og fylka kan ha ulike interesser. Det er knytt store forventningar til planen, og til at han har eit særleg fokus på miljøvenlege løysingar. Vestlandsrådet meiner det bør	Fylkesrådmannen, næringsssjefkollegiet og sekretariatet førebur saka.	Saka vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.

	gjennomførast ei brei høyring der ein inviterer til innspel frå sentrale aktørar i næringa. Høyring bør gjennomførast etter at handlingsplanen er handsama i VR 25.10.		
3.	<p>«Rammevilkår for drift og fornying av ferjeflåten». Saka vert førebudd i samsvar med Vestlandsrådet sitt vedtak 11.05.17. VR ønskjer ei utgreiing i høve korleis fylka saman kan jobbe vidare for å få til ein nasjonal standard for kravsspesifikasjonar knytt til anbudsprosessar på ferjer i fylkeskommunal regi. Eit framlegg til ein handlingsplan vert presentert og handsama i Vestlandsrådet i løpet av 2017. Det vert sett av kr. 250 000,- og AU har fått fullmakt til å avgjere korleis løyvinga skal finansierast. AU slutta seg 15.06. til at midlane vert tekne frå inngåande overføring til Sogn og Fjordane fylkeskommune (frå Hordaland fk) per 01.01.17 pålydande kr. 2 153 715,-.</p> <p>AU slutta seg 15.06. også til at Møreforsking vert kontakta i saka, med tanke på at MF ev. kan oppdatere tidl. analyser og føreslå eit kostnadsnivå tilpassa dagens krav.</p>	Fylkesrådmannen, hans økonomistab, samferdsleavdelinga og samferdslegruppa førebur saka.	Saka vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.
4.	«Fylkeskommunane og Vestlandsrådet sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt». Vestlandsrådet bad i samband med handsaminga av VR-sak 11/17 «Regionsamarbeid med Kina – status, problemstillingar og strategi for vegen vidare» om at det vert lagt fram ei eiga sak til møtet 25.10. som summerer opp fylkeskommunane og Vestlandsrådet sitt samarbeid med Innovasjon Noreg internasjonalt. Saka kan fremjast som ei orienteringssak, med vekt på å få fram eit felles kunnskapsgrunnlag.	Fylkesrådmannen, internasjonal koordinator og sekretariatet førebur saka.	Saka/notatet vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.
5.	«Prosjekt mot marin forsøpling». Vestlandsrådet (11.05.) og AU (15.06.) drøfta fylkesrådmannen sitt notat om miljødirektoratet sin strategi mot marin forsøpling. VR ønskjer at det vert starta opp eit arbeid som følgjer opp notatet fram mot miljødirektoratet sin søknadsfrist for støtte (mars 2018). Det vert til 25.10. utarbeidd eit saksframlegg som skisserer eit koordinert prosjekt som kan danne grunnlaget for ein søknad frå Vestlandsrådet om støtte til tiltak mot marin forsøpling frå og med 2018. M.a. følgjande element skal vurderast nærare i	Fylkesrådmannen, klima-/miljøkoordinatorane i dei fire fylkeskommunane og sekretariatet førebur saka.	<p>Det vert til 25.10.17 utarbeidd eit saksframlegg som skisserer eit koordinert prosjekt som kan danne grunnlaget for ein søknad frå Vestlandsrådet om støtte til tiltak mot marin forsøpling frå og med 2018 («løypemelding»).</p> <p>Saka vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut</p>

	<p>arbeidet med saka og i utforminga av ein endeleg søknad frå Vestlandsrådet i 2018:</p> <p>a) Statens vegvesen og samferdsleavdelinga i Rogaland fylkeskommune arbeider alt i dag med å finne tiltak mot plastforsøpling i samband med utbygginga av vegsambandet RYFAST. Det er i dag store forsøplingsutfordringar knytt til utbygginga. Dette kan vere eit relevant case å handtere gjennom eit slikt prosjekt i regi av Vestlandsrådet. Friluftsråda lokalt og regionalt bør koplast på, då dei alt gjer ein innsats her.</p> <p>b) Kenneth Bruvik i Noregs jeger- og fiskeforbund har nyleg motteke miljøprisen til Hordaland fylkeskommune for miljøprosjektet «Frå vik til vik – ein rein kyst». Bruvik har kompetanse knytt til ei rekkje problemstillingar rundt m.a. plastforsøpling i havet og langs fjordane. Bruvik og hans erfaringar bør trekkjast inn i arbeidet med saka til 25.10. og prosjektsøknaden til miljødirektoratet.</p>		<p>frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.</p> <p>Det vert vidare utarbeidd ein endeleg søknad på vegne av Vestlandsrådet som vert handsama i rådet i februar 2018.</p>
6.	<p>«Nasjonal transportplan – felles påverknadsarbeid frå vestlandsfylka framover». Vestlandsrådet ønskjer at fylkesrådmennene utarbeider ein felles strategi for førebuing av fylkeskommunane sin sams påverknad inn mot NTP i neste runde. Det er behov for å vere tidlegare ute enn vi var i 2017. Frukostmøtet 05.05.17 var særers vellukka, og kan gjerne nyttast som møteform også seinare. Vestlandsrådet har ei rekkje felles interesser på samferdsleområdet, og treng ein gjennomtenkt og førebudd strategi. Viktig å ta med seg erfaringane frå 2017, og AU/VR må sjølve vere meir pro-aktive når det gjeld å mobilisere stortingspolitikarar og andre til framtidige fellesmøte m.m.</p>	<p>Fylkesrådmennene, sekretariatet og samferdslegruppa førebur ei sak eller eit skriv til orientering.</p>	<p>Saka/notatet vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.</p>
7.	<p>«Kulturmeldinga 2017». Vestlandsrådet ønskjer at fylkeskultursjefkollegiet (kulturgruppa) arbeider fram ei eiga sak som fremjar innspel til den nye kulturmeldinga frå Vestlandsrådet. Saka bør leggjast fram til Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17. AU slutta seg til dette i sitt møte 07.04.17, og etterspurde i møtet 15.06. om dette arbeidet no er sett i gang. Vestlandsrådet har ved fleire høve understreka at kulturfeltet generelt bør få ein tydelegare plass på Vestlandsrådet sitt sakskart, og sams innspel</p>	<p>Fylkesrådmannen, kultursjefkollegiet og sekretariatet førebur saka.</p>	<p>Saka vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.</p>

	til den nasjonale kulturmeldinga kan vere ein god inngang for å få fram fleire relevante problemstillingar og saker der det er klare fellesinteresser framover.		
8.	«Marine botnkart». Vestlandsrådet sitt AU følgjer opp høyringsfråsegna som vart gjeven frå AU 13.01.17 (AU-sak 03/17) og som vidare vart drøfta i VR-møta 28.02. og 11.05. Det vert lagt opp til ei orientering for rådet den 25.10. i høve Stortinget si handsaming av ei eiga sak om temaet marine botnkart 13.06.17. Orienteringa frå Møre og Romsdal i VR-møtet 11.05. syner næringspotensialet som høgoppløyslege botnkart gjev. Ein bør vurdere å invitere ein representant frå eitt av dei aktuelle departementa til å seie litt om ev. utvikling av nye botnkart utanfor dei andre tre fylka på Vestlandet.	Fylkesrådmannen, marin gruppe og sekretariatet førebur orienteringa/notatet.	Eit notat vert ferdigstilt 11.10.17, og send ut frå fylkesrådmannen seinast 18.10.17.
9.	«Norsk Gassforum». Vestlandsrådet ønskjer at fylkesrådmannen inviterer Norsk Gassforum til å presentere sine strategiar i VR-møtet 25. oktober. Initiativet frå rådet kom som oppfølging til orienteringa om «Grøn skipsfart» i møtet 11.05.	Fylkesrådmannen og sekretariatet følgjer dette opp.	
10.	«Vestlandsrådet – funksjon, rolle og arbeidsform i perioden 2017-20 og etter at regionreforma har tredd i kraft 01.01.2020». Fylkesrådmennene og sekretariatet utarbeider eventuelt ei sak om dette som også vert lagt fram for AU i framkant av Vestlandsrådet sitt møte i februar 2018.	Fylkesrådmennene og sekretariatet følgjer dette opp.	

AU-sak 15/17: Nøkkeltal for næringsklynger i marine og maritime næringer på Vestlandet.

Fylkesrådmannen orienterte gjennom eit eige notat om eit «føremiddagsmøte» om nøkkeltal for næringsklynger innan marine og maritime næringer på Vestlandet. Møtet vert halde i Bergen 23. juni. Hordaland fylkeskommune står for arrangementet, og inviterer til møtet i samband med lanseringa av nøkkeltala for marin-, maritim- og energiklynga på Vestlandet. Talmaterialet er utarbeidd av selskapet Samfunnsøkonomisk analyse på oppdrag frå Vestlandsrådet. Det er i samråd med Hordaland fylkeskommune utarbeidd ei oversikt over storleiken til klyngene, og det er gjort ei analyse av utviklinga over tid. Samfunnsøkonomisk analyse stiller i møtet for å presentere hovudfunna i sitt talmateriale.

Dei av fylkesordførarane som har høve stiller i møtet saman med ev. representantar frå administrasjonen.

AU-sak 16/17: Andre aktuelle saker.

- a) Vestlandsrådet sitt arbeidsutval ønskjer at fylkesrådmannen inviterer Fjord Noreg AS til Vestlandsrådet sitt møte den 25. oktober for informasjon og dialog. Administrerande direktør Kristian Jørgensen vert invitert til møtet, og det kan vere særleg relevant å få ei innleiing og ein presentasjon om Fjord Noreg sitt arbeid og deira strategiar i dette møtet, då det også vil bli handsaming av handlingsplanen knytt til Vestlandsrådet sin cruisestrategi.

Nettside: <https://no.fjordnorway.com/>

- b) Sekretariatet sender ut påminning om Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17 til alle medlemmer i rådet (samt informasjon om overnatting mm.) løpet av juni.

## 2. Høgoppløyslege botnkart og nytt lovvedtak i Stortinget 21.06.17.

---

### Nytt lovvedtak 21.06.17

21. juni i år vart Prop. 116 L «Lov om informasjon om bestemt angitte områder, skjermingsverdige objekter og bunnforhold» vedteken i Stortinget.

Lovvedtaket inneber hovudsakleg ei vidareføring av allereie gjeldande forbod som er heimla i midlertidig lov om beskyttelse av, og kontroll med, geografisk informasjon av omsyn til rikets sikkerheit (midlertidig lov om beskyttelse av geografisk informasjon).

Forboda er i dag formulerte som heilt generelle forbod. For å gje betre tilgang til informasjon for samfunnet generelt, ønskjer Forsvarsdepartementet å avgrense forboda si rekkevidde i forhold til den tidlegare lovreguleringa. Det vert føreslege at forbodet berre omfattar område og objekt der informasjon om desse kan ha skadefølgjer for riket sin tryggleik, sjølvstende eller andre vitale nasjonale tryggleiksinteresser, dersom informasjonen vert kjend for uvedkommande. Det same vil gjelde informasjon om botnforhold.

I lovforslaget vart det lagt opp til at det i, eller i medhald av, forskrifta vil bli fastsett nærare føresegn om kva objekt, område og informasjon dette gjeld. Eit sentralt føremål med lovforslaget har vore å vidareføre eit rettsleg grunnlag for å kunne fastsette forskrifter og eit forvaltningsregime som syner tryggleikstiltak og dei meir konkrete rammene for forboda.

Lova sin §5 om teieplikt og utlevering av innsamla informasjon om botnforhold opnar for moglegheit til å avgradere informasjon om botnforhold, for så å underlegge mottakarar ei teieplikt. Departementet kan bestemme at informasjon underlagt teieplikt etter første ledd, kan utleverast. Det kan stillast vilkår for utlevering, som t.d. kva informasjonen kan brukast til, kven som kan få tilgang til informasjonen, korleis informasjonen kan behandlast, og at informasjonen skal slettast eller leverast attende etter endt bruk.

Eit slikt tiltak, der Forsvaret framleis vil ha ein viss kontroll over, og moglegheit til å beskytte, informasjonen, kan medføre at meir informasjon enn i dag kan avgraderast og utleverast. Brot på teieplikta vil etter lovforslaget vere straffbart. Det er føreslege at noverande strafferamme for brot på forbod mot opptak og bruk av informasjon, vert vidareført.

### Strategi for vidare oppfølging frå Vestlandsrådet

Vestlandsrådet har hatt eit stort engasjement knytt til høgoppløyslege botnkart langs vestlandskysten. Seinast 11.05.17 vart det gjeve ei særns nyttig orientering om næringslivet sine moglegheiter og potensiale knytt til slike kartverk. Sekretariatet for Vestlandsrådet har avtala ei ny innleiing i Vestlandsrådet frå Njål Tengs Abrahamsen, direktør for marin infrastruktur i Kartverket, til Vestlandsrådet sitt møte 15.02.18.

### Kjelde:

Innstilling frå utanriks- og forsvarskomiteen om «Lov om informasjon om bestemt merka område, skjermingsverdige objekt og botnforhold».

<https://www.stortinget.no/no/Saker-og-publikasjoner/Publikasjoner/Innstillinger/Stortinget/2016-2017/inns-201617-419I/>

## 3. Marin rekruttering og kompetanse: Oppfølging av initiativ og vedtak.

---

### Bakgrunn

Med forankring i Vestlandsrådet sin Marine strategi (jf. VR-sak 26/13) har Vest Marin, arbeidsgruppa som ivaretek vestlandssamarbeidet innanfor marin sektor, vidareført tiltak under delmål 3 «Marin rekruttering og kompetanse» i sitt arbeid i 2017. I Vest Marin sin handlingsplanen frå 2016 står m.a. følgjande:

Rekruttering og kompetanse:

- Kartlegging av kompetansebehov hos leverandørindustrien til havbruk/marin sektor.
- Kartlegge muligheter og svakheiter i tilbod om utdanning, etterutdanning og kurs.

Vest Marin-gruppa fekk i 2016 utarbeidd ein rapport som syner kompetansebehovet innanfor sentrale marine næringar fram mot 2020. Rapporten tok særleg føre seg leverandørane til sjømatnæringane og biomarin sektor på Vestlandet. Rapporten vart utarbeidd av IRIS og er finansiert av Vestlandsrådet.

Vest Marin har arbeidd vidare med utgangspunkt i å følgje opp denne rapporten, men er per dags dato ikkje i posisjon til å fullt ut følgje opp VR-sak 13/17 «Marin strategi – oppfølging av plantema rekruttering og vidareføring av IRIS-utgreiingsrapport» i tråd med vedtaket frå 11.05.17 (og AU si oppfølging 15.06.17):

1. Vestlandsrådet ber om at det vert lagt fram ein handlingsplan som syner korleis den marine strategien vert følgd opp frå Vestlandsrådet si side.
2. Vestlandsrådet ønskjer at handlingsplanen vert lagt fram for handsaming hausten 2017.

### Vegen vidare

Vest Marin-gruppa ønskjer, som neste steg i dette oppfølgingsarbeidet, i byrjinga av oktober å gå ut med ein invitasjon til tre relevante kompetansemiljø på Vestlandet. I invitasjonen/konkurransgrunnlaget ber gruppa om tilbod på eit oppfølgingsprosjekt/utgreiingsarbeid for å undersøke eksisterande tilbod på relevante utdanningar, samt korleis dette fell saman med behova som næringssegmentet no ser for framtida.

Målet med prosjektet/utgreiinga er at ein med bakgrunn i funna (kompetansebehova for framtida), samt kunnskapen vi no har om utdanningstilboda som finst på Vestlandet knytt til næringa, skal kunne gje ei breiare tilråding om kva type utdanningar som bør etablerast (og/eller endrast) for at leverandørindustrien i Vestlandsfylka skal kunne vere konkurransedyktig i framtida.

Vest Marin-gruppa ønskjer eit meir overordna fokus på vidaregåande fagopplæring, fagskule og høgare utdanning. Det kan også vere relevant sjå på behov for kurs og anna kompetanseheving enn det som vert gjeve gjennom det formelle/offentlege utdanningssystemet.

Fristen for innlevering av tilbod er sett til 16. oktober, og konkurransegrunnlaget legg opp til at vi får inn ein rapport innan 31.12.17. Det er tidlegare gjeve ei løyving på kr. 250 000 kr. frå Vestlandsrådet til finansiering av rapporten, og det er naturleg å rapportere attende til Vestlandsrådet i ei eiga sak til Vestlandsrådet sitt møte 15.02.18.



## 4. Marin arealplanlegging: Orientering om status.

---

EU vedtok eit direktiv for marin arealplanlegging (maritime spatial planning) sumaren 2014, etter lange forhandlingar. EU-landa er forventa å lage eigne marine planer innan 2021. I planane er landa forplikta til å basere arbeidet på tilgjengelege data, balansere og involvere brukarinteresser, samarbeide med naboland og sjå på forholdet mellom planlegging på land og til havs.

Direktivet vert ikkje innlemma i EØS-avtalen då det norske systemet med forvaltningsplanar allereie oppfyller innhaldet i direktivet. Noreg har heilskaplege forvaltningsplanar for Barentshavet, Norskehavet og Nordsjøen/Skagerrak. Formålet med forvaltningsplanane er å legge til rette for verdiskaping gjennom berekraftig bruk av ressursar.

I Nordsjøkommisjonen har det vore arbeidd med problemstillinga for å få til godt samarbeid mellom landa rundt Nordsjøen, får at regionane skal ha ein rolle i marin planlegging og for å påverke prosessane i EU. Nordsjøkommisjonen har fått observatørstatus i Interreg-prosjektet «NorthSEE». I prosjektet samarbeider nasjonale mynde i landa rundt Nordsjøen om harmonisering av planlegging innan energi, miljø og shipping. Frå Noreg er Klima og miljøverndepartementet og Havforskningsinstituttet partnerar i prosjektet.

Nordsjøkommisjonen har peika på eit område kor ein krev meir handling; forholdet mellom planlegging på land og planlegging til havs (land/sea interaction). Den marine gruppa la fram eit posisjonsnotat (policy resolution) i juni år som vart vedteke av Generalforsamlinga. I EU- direktivet er ordlyden vag, og den norske forvaltningsplanen dekker berre områda utanfor grunnlinja. Planlegging til havs vil få konsekvensar for aktivitet på land, til dømes ilandføring, havnar og anna infrastruktur og landing av fisk. For Nordsjøkommisjonen er det viktig at det er ein heilskap i planlegging mellom dei ulike styringsnivåa: lokalt, regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Sjølv om marin arealplanlegging er ei teknisk krevjande øving, er det politikarar som må prioritere kva for sektorar som får nytte areal kor det er konkurranse om plassen, og om areal skal nyttast til økonomisk aktivitet eller vernast.

Heile posisjonsnotatet er tilgjengeleg på Nordsjøkommisjonens nettsider:

<http://cpmr-northsea.org/download/nsc-resolution-on-landsea-interaction/?wpdmdl=1465&ind=mj5JlRVBNw8nQfB4vHs0qr4cuSioxgG6loq91mCHkH51ese6vk0-ftO3y5b2hjtcfqVKiMpmrINqrBPFoMLjnA>

## 5. Energisamarbeid i Nordsjøen: Orientering om status.

---

I 2015 presenterte Europakommisjonen si satsing «Energy Union». Det er eit skritt mot ein felles energipolitikk for EU. I dag har kvart land sin energipolitikk, det går no mot ein indre marknad for energi. Samstundes er det ein forståing i EU om at utviklinga i dag ikkje er berekraftig. EU må legge om kursen for å redusere utslipp. Ved å vente vert det dyrare og vanskelegare.

I oppfølginga av arbeidet med «Energy Union» er det laga ei liste med prioriterte prosjekt for å nå måla. Straumkablar mellom Noreg og Storbritannia og Noreg og Tyskland er prioritert.

Landa rundt Nordsjøen etablerte «North Seas Countries Offshore Grid Initiative» i 2009. Noreg og 9 EU-land underskreiv ein intensjonsavtale om å utvikle eit integrert straumkabelnett i Nordsjøen, kor ein gjer seg nytte av fornybar energi frå vindraft og andre fornybare kjelder. I 2016 vart intensjonsavtalen stadfesta gjennom ein politisk erklæring, med klare oppfølgingspunkt for landa. Noreg har også sognert den politiske erklæringa av 2016.

Utviklinga av eit «North Sea Grid» var ei hovudsak i presidentskapet til Tom-Christer Nilsen i Nordsjøkommisjonen 2014-2016. Påverkingsarbeidet har gitt resultat, mellom anna i den politiske erklæringa frå 2016. Arbeidet er tatt vidare i det nye presidentskapet i Nordsjøkommisjonen, og særleg i den tematiske energi og klima-gruppa.

Energi vert viktig i det framtidige forholdet mellom Noreg og Storbritannia, også etter Brexit. Noreg er ein viktig leverandør av gass til Storbritannia, og i framtida også fornybar straum. Det krev eit stabilt rammeverk for energiutveksling mellom landa.

## 6. Ny strategi for Nordsjøkommisjonen post 2020: Oppstart for arbeidet.

---

Generalforsamlinga i Nordsjøkommisjonen i juni 2017 vedtok å starte prosessen med eit nytt strategidokument for perioden etter 2020.

Strategidokumentet «North Sea Region 2020» vart vedteke i 2011 og revidert i 2016. Det har hatt fleire funksjoner. Strategiprosessen har bidrege til å definere felles utfordringar og moglegheiter for Nordsjøregionen. Samstundes har dokumentet vore eit styringsdokument for organisasjonens virke. Vidare har det vore eit lobbydokument for kontakt med EU- institusjonane og medlemslanda.

I den vidare prosessen vil det være mogleg for medlemsregionane å delta aktivt.

## 7. Felles innspel til CPMR/Nordsjøkommisjonen si slutterklæring.

---

Vestlandsrådet sitt arbeidsutval (AU) sende 18.10.17 inn eit felles innspel frå Vestlandsrådet til slutterklæringa frå årets generalforsamling i CPMR (Conference on Peripheral Maritime Regions).

Fylkesrådmannen ved sekretariatet og internasjonal koordinator sende i framkant over eit framlegg til fellesinnspel til godkjenning frå dei fire fylkesordførarane i AU, og fylkesordførarane gav si individuelle tilslutning til innspelet innan ein knapp svarfrist.

Bakgrunnen var at Vestlandsrådet i sak 06/17 vedtok å gje felles innspel til CPMR si slutterklæring under generalforsamlinga 18.–20. oktober i Helsinki. Sakspapira til generalforsamlinga kjem ut kort tid før sjølve møtet, så det var denne gongen ikkje mogleg å nytte vanlege kanalar inn mot Vestlandsrådet for å få forankra innspelet. AU har fullmakt til å ta avgjerd i slike saker mellom VR-møta, og i fellesinnspelet vart det særleg peikt på at CPMR må ta omsyn til at ikkje alle medlemsregioner er medlemar av EU. Dette vil gjelde ytterlegare fleire regionar etter Brexit, og er noko CPMR bør ha større medvit i forhold til. Det er viktig at innretninga av slutterklæringa og arbeidet framover er relevant for alle medlemsregionar.

I tillegg er det innarbeidd i uttalen eit ekstra punkt om felles arbeid for å hindre og førebygge marin forsøpling, jf. eiga sak til VR den 25.10.

Felles innspel frå Vestlandsrådet til CPMR si slutterklæring under generalforsamlinga 18.–20. oktober i Helsinki fekk slik ordlyd:

*The Council of Western Norway consists of the four Norwegian County Councils Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland.*

*The Council of Western Norway supports the messages in the CPMR final declaration to be adopted at the CPMR General Assembly in Helsinki 20th October 2017.*

*The Council of Western Norway would however like to make a general remark to the content of the final declaration; that there are member regions in the CPMR that are not EU-members and that this number will grow after Brexit. While the focus to influence EU policy is important, it is also important for the CPMR to be a relevant organisation to member regions outside the European Union. The thorough understanding of how Brexit influences the whole European Economic Area (EEA) in the Cardiff declaration is a good example of how to include a broader membership base.*

*The Council of Western Norway would like to add one point under the maritime section in the final declaration.*

*The CPMR calls for a multi-level effort to lift the campaign against marine litter higher on the political agenda. It requires joint work in funding, data sharing and facilitation for practical projects. To work against marine litter calls for both mitigation in handling the waste already in the sea and adaptation to change infrastructure or practices to avoid marine litter to end up in the sea.*

## 8. Europeiske regionar følgjer Brexit-forhandlingane.

---

Storbritannia sitt farvel med EU kan få store konsekvensar for både Storbritannia og andre EU-land sine innbyggjarar, kommunar og regionar. Sidan Storbritannia også er ein partner i EØS-avtalen med Noreg, Island og Liechtenstein, og Storbritannia sitt medlemskap i avtalen opphøyrer når landet forlet EU, vil Brexit også få konsekvensar for Noreg og dei to andre EØS-landa.

I Noreg er det ein god dialog mellom regjeringa, fylkeskommunane og KS om Brexit og konsekvensane for Noreg og norske fylkeskommunar og kommunar. Dialogen skjer m.a. gjennom Europapolitisk Forum, der dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet er representerte med fylkesordførar Jon Aasen i Møre og Romsdal. Rogaland fylkeskommune har ansvar for det administrative oppfølgingsarbeidet i Europapolitisk Forum.

På europeisk nivå har CPMR – organisasjonen for Europas kystregionar – allereie etablert ei arbeidsgruppe som arbeider med Brexit-spørsmål. Grappa samlar inn opplysningar om moglege konsekvensar for regionalt nivå, og kjem med tilrådingar til forhandlingspartane for å sikre regionane sine interesserer. CPMR arbeider for å få gode ordningar for samarbeid mellom regionane i EU og Storbritannia etter Brexit.

CPMR har også etablert tilsvarande arbeidsgrupper i sine regionale kommisjonar. Éin av desse kommisjonane er Nordsjøkommisjonen, der fylkesvaraordførar i Rogaland er norsk styrerepresentant. Ho er også vald av Vestlandsrådet til å delta i Nordsjøkommisjonen si arbeidsgruppe om Brexit. Denne arbeidsgruppa møttest onsdag 6. september i Brussel. Her deltok fleire norske regionkontor, samt representantar for danske, nederlandske, svenske og tyske regionar.

Grappa vert leia av Nienke Homan frå Nord-Nederland. I tillegg til ei generell oppdatering på status i dei formelle forhandlingane mellom EU og Storbritannia, fekk grappa ein rapport frå svenske Anders Fasth frå eit seminar i London som handla om framtida for fiskeria i Nordsjøen etter Brexit, ein rapport frå Interreg-sekretariatet om moglege framtidige løysingar for Nordsjøprogrammet, og ein omfattande rapport frå Jonathan Millins frå East of Englands Brusselkontor om Brexit sett frå britiske regionar sin ståstad. Møtet hadde også ein innleiande diskusjon om kva for element som bør inngå i Nordsjøkommisjonen sitt politikkdokument om Brexit.

Etter at grappa har rapportert til Nordsjøkommisjonen sitt styremøte i Helsingfors i oktober, vil ho arbeide vidare med dette politikkdokumentet, som er basert på ein uttale som Nordsjøkommisjonen gav i desember 2016 til det britiske Underhuset sin Brexit-komite. Ein hovudbodskap er at dette samarbeidet mellom regionane rundt Nordsjøen må halde fram også etter Brexit. Neste møte i Nordsjøkommisjonen si task force er 8. november i år. CPMR vil arrangere ein større konferanse om Brexit og regionalt nivå i Cardiff 16. november.

## 9. Statusrapport frå faste utval – fast rapportering til Vestlandsrådet.

Europapolitisk forum	
Siste møte i Europapolitisk forum	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Førre møte i Europapolitisk forum var 14-15. mars 2017 i Brussel.</p> <p>Frå Vestlandet deltok Jon Aasen, Møre og Romsdal, med administrativ støtte frå Birgit Aarønæs, Møre og Romsdal og Geir Sør-Reime, Rogaland.</p> <p>Neste møte i Europapolitisk forum vert 15. november i Oslo.</p>	<p>EU-program, som Interreg, er viktige for Noreg. Aktørane samarbeider med europeiske partnarar om å løyse viktige samfunnsoppgåver og det gjer moglegheit til å vise fram og gi innspel om norske interesser. Det vert oppfatta som negativt at Noreg reduserer støtte til Interreg midt i perioden. Regionane vonar at det vert endra til neste år.</p> <p>Fylkeskommunane nyttar EU-høyringar aktivt, Østlands-samarbeidet er registrert som lobbyorganisasjon og får tilsendt informasjon om høyringar frå EU-kommisjonen.</p> <p>Stavangerregionen sitt Europakontor arbeider tett med regionale nettverk. Gode nettverk er ei føresetnad for å lykkast. Tildeling av Triangulum-prosjektet og Nordic Edge Expo har vore med å setje Europa på kartet i regionen.</p>

NORA	
Siste møte i NORA	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>NORA er ein mellomstatleg organisasjon finansiert av Nordisk Ministerråd. NORA-regionen består av landa Island, Færøyane, Grønland og Noreg og alle landa kan stille tre representantar på årsmøtet. Ein av representantane er frå eit departement, dei to andre er kontaktpersoner. Frå Noreg stilte Lisbeth Nylund frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD), Eirik Fiva frå Nord-samarbeidet (Nordland fylkeskommune) og Lena Søderholm frå Vestlandsrådet (Sogn og Fjordane fylkeskommune).</p> <p>Det var sekretariatsmøte og komitémøte på Færøyane 29.-31.juni der ei av hovudsakene var fordeling av prosjektstøtte etter søknadsfristen i vår.</p>	<p>Det har vore eit mål å få ut informasjon om NORA til bedrifter og organisasjonar på vestlandet. Økonomisk støtte til samarbeidsprosjekt vert lyst ut to gonger i året. Desse verkemidlane har vore marknadsført saman med dei ordinære støtteordningane.</p> <p>NORA er meir enn prosjektstøtte. I mai starta arbeidet med å rekruttere lærlingar til etableringsseminar på FAB-Lab, Vestmannaøyar 19. - 27.juni. Temaet for seminaret var "Bruk av IKT i handverksbransjen". Frå Vestlandet vart det rekruttert to læringar innan Bygg og anlegg. I juni starta arbeidet med å rekruttere norske designarar til "Blue Fashion Challenge 2017" – eit design-symposium som var arrangert på Færøyane 22.-27. august. Målgruppa var "flinke og kompetente" designarar som arbeidde med marine råvarer. Også her vart det rekruttert to personar/firma som representerte Noreg.</p>

Nasjonalt kontaktpunkt Interreg - Nordsjøprogrammet	
Siste nytt om Nordsjøprogrammet i Interreg	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
Det var møte i styringsgruppa 7-8 juni i Ostend med tildeling av hovudprosjekt i Interreg Nordsjøprogrammet.	Nasjonal koordinator for Interreg Nordsjøprogrammet, Kate Clarke, orienterar munnleg i møtet.

<b>Nordsjøkommisjonen</b>	
Siste møte i Nordsjøkommisjonen	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Nordsjøkommisjonen hadde årsmøte og styremøte i Göttingen 28. juni 2017.</p> <p>Frå Vestlandet deltok Roald Kvamme (Ap) frå Hordaland, Åshild Kjernes (Ap) frå Sogn og Fjordane, Jon Aasen (Ap) og Erik Kursetgjerde (Ap) frå Møre og Romsdal, samt administrasjon frå alle fylka.</p>	<p>Nordsjøkommisjonen har etablert ei «task force» for å følgje utviklinga av Brexit og kva det vil bety for regionane kring Nordsjøen. Marianne Chesak er norsk representant her. Task forcen rapporterte frå sitt arbeid under generalforsamlinga.</p> <p>Det er avgjort at ein ynskjer å etablere eit permanent sekretariat for Nordsjøkommisjonen. Ein invitasjon til alle medlemmar om å melde si interesse for å vere vertskap for eit sekretariat vart sendt ut hausten 2017.</p> <p>Nordsjøkommisjonen startar prosessen med å etablere ein ny strategi for organisasjonen for perioden etter 2020.</p> <p>Åshild Kjernes (Ap) frå Sogn og Fjordane vart vald som ny nestleiar i den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen.</p>

<b>Nordsjøkommisjonen – marin gruppe</b>	
Siste møte i den marine gruppa	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen hadde møte i Flekkefjord 26-27 september 2017. Frå Vestlandet deltok Trine Danielsen (H) frå Rogaland, Mona Strømme (H) frå Hordaland, Åshild Kjernes (Ap) frå Sogn og Fjordane og Torill Røsand (H) frå Møre og Romsdal, samt administrasjon frå Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.</p>	<p>Tema for møte var marin arealplanlegging, handtering av Brexit og korleis gruppa kan jobbe med marin forsøpling.</p>

<b>Nordsjøkommisjonen – transportgruppa og energi- og klimagruppa</b>	
Siste nytt	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Transportgruppa og energi- og klimagruppa hadde felles møte i Vestfold 5. og 6. oktober.</p>	<p>Tema for møte var kopling av initiativ mellom transportspørsmål og energispørsmål i arbeidet i Nordsjøkommisjonen.</p>

<b>Nordsjøkommisjonen – smarte regioner</b>	
Siste nytt	Aktuelle saker for Vestlandsrådet
<p>Neste møte i gruppa er 2. og 3. november i Aberdeen, UK</p>	<p>Tema for møte vert integrering av flyktningar i arbeidslivet.</p>

<b>Vest Marin</b>	
Siste nytt frå Vest Marin	
<p>Gjennomført Vestlandsfylka sin fellesstand under Aqua-Nor i Trondheim i august. Evaluering og sluttrapport vert send Vest Marin i løpet av oktober. Vest Marin deltek elles på konferansen Aquaculture Europe 2017 den 17.-20. oktober. Det er sendt ut tilbod til tre relevante aktørar på kartlegging av utdaningssystem i høve til leverandørindustrien til sjømatnæringa sine behov.</p>	

## 10. Meldte saker og avtalte føredragstema til Vestlandsrådet 15.02.2018

---

### 1. Sekretariatet arbeider med utgangspunkt i at mellom anna følgjande saker vert lagde fram for Vestlandsrådet 15.02.18 (første møte i 2018, jf. vedteken møteplan 25.10.17):

- a) Budsjett 2018 vert lagt fram 15.02.18, etter ein nærare dialog i sekretariatet. Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane er til same møte ansvarleg for å leggje fram rekneskapen for 2017.
- b) Fylkesrådmannen i Sogn og Fjordane er til 15.02.18 ansvarleg for å leggje fram årsrapport for 2017.
- c) Prosjekt «Tiltak mot marin forsøpling»: Vestlandsrådet/samarbeidspartane sin søknad om prosjektstøtte frå Miljødirektoratet (søknadsfrist mars 2018).
- d) Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjeflåten – oppfølging av VR-sak nr. 16/17 (25.10.17).
- e) Felles hydrogenstrategi for dei fire fylkeskommunane i Vestlandsrådet.
- f) Konkretiserande sak om felles innspel til ny stortingsmelding for kultur.
- g) Marin rekruttering og kompetanse – oppfølging av tidlegare initiativ og vidare handlingsplan, jf. skriv/notat nr. 3 til Vestlandsrådet sitt møte 25.10.17 (her).
- h) Vestlandsrådet – funksjon, rolle og arbeidsform i perioden 2017-20 og etter at regionreforma har tredd i kraft 01.01.2020: Fylkesrådmennene og sekretariatet utarbeider ei sak om dette som også vert lagt fram for AU i framkant av Vestlandsrådet. Saka vert lagt fram for Vestlandsrådet 15.02.2018.
- i) Endeleg vedtak for handlingsplan for regional cruisestrategi, dersom fylkeskommunane har fått handsama denne innan første møte i Vestlandsrådet 2018.

### 2. Sekretariatet har førebels følgjande stadfesta føredragshaldarar til Vestlandsrådet 15.02.18:

- a) Njål Tengs Abrahamsen, direktør Marin infrastruktur, Kartverket: «Føredrag om marine grunnkart langs kysten – utfordringar og mulegheiter». Jf. avtale datert 21.09.17 og skriv nr. 2 til dette møte.
- b) Hilde Johanne Svendsen, prosjektleiar i Møreforskning, orienterer om funn og tilrådingar til vestlandsrådet sin vidare strategi knytt til «Rammevilkår for drift og fornying av fylkesvegferjene».